

Nesten 300 nissar i Dønhaug-låven!

18.12.2008



Femte og sjette klasse spreidde ljøs i mørketida,,,(Foto: Ola Matti Mathisen)

Truleg er det i desse førjulstidene travle nissar å finna i låvene både her og der i Uskedalen, men det kan ikkje vera tvil om at ingen slår Dønhauglåven. Der var det nær innpå 300 nissar i aksjon torsdag kveld. Og for ein aksjon! Den tredje juleavslutninga som skulen har halde i dette for føremålet særse veileigna lokalet var svært vellukka.



Andreklassingane hadde ein dramatisering av nissen på låven. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikkje berre var elevane i sju klasser og deira nærmaste invitert, det var også femåringane, som startar skulen neste år.

256 var påmeldt på førehand og i tillegg kom 20 lærarar. Imponerende mange – og slett ikkje berre borna – hadde teke oppmodinga om å kle seg som nissar ad notam. Her var det eit myldrande nisseliv. Og programmet som innleia kvelden hadde som naturleg var også eit sterkt preg av nissars liv og lagnad.



Fjordeklassingane song "Nå er den hellige timen". (Foto: Ola Matti Mathisen)

Førsteklassingane gav oss eit inntrykk av travelheit før jul hos nissane medan temaet til andreklassen var nissars låveliv og tredjeklassen song ein nissesong.

Fjordeklassen presenterte julebodskapen med "Nå er den hellige timen" medan fem og sjette klasse spreiddde ljøs i mørketida. Og ikkje nok med det: Are, Victoria, Elisabeth og Hermund frå desse klassane spela og gitar. Sjuandeklassingane runda av med ei livleg dramatisering som heitte "Nissane reiser".

Det var ikkje problematisk å slutta seg til rektor Vidar Haugland som hadde dette ordet som konklusjon etter programmet: FANTASTISK!

To sjuandeklassingar hadde forresten programleiinga: Kari Bråtun og Jostein Bauge.



64 kilo graut var kokt til Dønhaug-avslutninga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så kom 64 kilo graut på borda og den skal FAU berømmast mest for sjølv om dei hadde sluppe å "bygga han opp" frå grunnen av. Måltidet gjekk imponerande raskt unna, det var prega av den same presisjon som heile programmet.

Grautmåltidet vart effektivt trimma bort under neste post som var gangen rundt juletreet. Akkompagnert av dalens dyktige trekkspelar Nils Nåsen song skulefolket nesten så taket løfta seg. Ikkje minst var dei eldste elevane flinke.

Avslutningsvis kom sjølvsgatt nissen med avskilsgåver til alle og Magne og Anne Berit Huglen fekk godord for lånet av låven.

Neste år er det Aktivitetshuset som skal danne ramma om skulen sin juleavslutning.

Det er ikkje unaturleg med ein slik turnus.

Men allereie no er det grunn til å glede seg til arrangementet på Dønhauglåven i 2010.

Av Ola Matti Mathisen



Songen imponerte under gangen rundt juletreet. (Foto: Ola Matti Mathisen)